

Eierstrategi 2010		
Utredning av PCI-tilbudet i HMN		
Oppsummering av sluttrapport	Status: Foreløpig	05.12.06

Prosjektet har vurdert to alternativer:

- Delt aktivitet mellom St Olavs Hospital og satellitt i Ålesund som dekker Møre og Romsdal med unntak av nokre kommunar på Nordmøre.
- Framleis samling av all aktiviteten ved St Olavs Hospital.

PCI-behandling ved akutt hjerteinfarkt tok til Trondheim i 1989. På 2000-talet er volumet kome opp på eit nivå som hever sjukehuset til eit mellomstort senter i nasjonal samanheng. Dei siste åra har volum-auken stagnert, estimatet for 2006 viser at det for første gang sidan PCI-behandling starta i Trondheim går antalet ned.

Nokre sentrale moment i rapporten:

- Dagens behandling av akutt infarkt er i tråd med internasjonale retningslinjer for heile regionen, men det er ulikheiter i behandlinga i dei 3 fylka på grunn av ulik transporttid.
- Problemstillingen “underforbruk” må arbeidast vidare med av kardiologane uavhengig av evt. satellitt i Ålesund.
- Tilgangen til prehospital EKG i ambulansetenesta i heile Midt-Noreg og systematisk tilgang til prehospital trombolysedose frå 2006, er eit stort framsteg.
- Små endringar over tid i talet på infarkt i regionen, men endringar i alderssamansetjinga slår inn etter 2010 med aukande tal eldre.
- Truleg er talet på PCI stabilisert i 2005. Talet i Helse Midt-Noreg ligg godt under nasjonale snitt, og særleg er forbruket lågt i Møre og Romsdal.
- Gruppa har vurdert problemstillinger knytta til volum-kvalitet, og kome fram til praktiske ordningar som gjev fagleg forsvarlege tilbod begge stader.
- Investeringskostnader for etablering av satellitt i Ålesund er beregna til 14 millionar kroner. Transportkostnader ved sentralisering til St Olavs Hospital vil vere 5,8 millionar kroner. Når ein tar hensyn til auka tilsetjing i Ålesund, vil netto kostnad av ein satellitt auke med 4,2 til 6,0 millionar kroner samanlikna med dagens sentraliserte tilbod.

Prosjektet kjem med delt innstilling.